



Arkivnr: 2015/3170-14

Saksbehandlar: Anne Vedvik

**Delegert saksframlegg**

---

**Fylkesdirektør samferdsel etter fullmakt**

## **Søknad om å omgjera drosjeløyve R-247 til reserveløyve**

### **Samandrag**

Nordhordland Taxi søkte 04.06.2017 om å få omgjort drosjeløyve R-247 til eit reserveløyve med særskilte vilkår. Bakgrunn for søknaden er at kapasiteten på rullestolbilar har gått ned i Nordhordland Taxi dei siste åra. Det er behov for eit nytt rullestolløyve. Bilen må ha tilstrekkeleg setekapasitet til at bilen kan nyttast til skulekøring. Nordhordland Taxi ynskjer særskilte vilkår på R-247. Bil på løyve skal ha 8 passasjersete og plass til 1 rullestol.

Etter løystyresmakta sitt syn gjev yrkestransportlova § 11 høve til å stilla vilkår om bil med minimum 8 passasjersete og plass til 1 rullestol. Omgjering av R-247 til eit reserveløyve vil ha relativt liten verknad på den totale kapasiteten i sentralen. Fylkesdirektør samferdsel finn at ein kan gjera om R-247 til reserveløyve. R-247 skal kunngjerast ledig internt i sentralen med særskilde vilkår om 8 sete i tillegg til førarsete og plass til 1 rullestol.

### **Vedtak**

- Drosjeløyve R-247 knytt til Nordhordland Taxi vert gjort om til reserveløyve. Reserveløyve R-247 skal kunngjerast ledig internt blant løyvehavarane tilknytt sentralen. Det skal setjast særskilt vilkår på reserveløyve R-247 om å nyttå bil med minimum 8 passasjersete og plass til 1 rullestol.*

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesdirektør samferdsel, 12.06.2017****Bakgrunn**

Nordhordland Taxi søkte 04.06.2017 om å få omgjort drosjeløyve R-247 til eit reserveløyve med særskilte vilkår. Bakgrunn for søknaden er at kapasiteten på rullestolbilar har gått ned i Nordhordland Taxi dei siste åra. Eigara av rullestolbilar klassar ned løyva på grunn av dårlig økonomi. Det er behov for eit nytt rullestolløyve. Bilen må ha tilstrekkeleg setekapasitet til at bilen kan nyttast til skulekøyring, men av omsyn til økonomien må bilen ikkje vera av storleik 10-17 sete. Det er behov for å sikra kapasiteten til skulestart i august 2017. Nordhordland Taxi ynskjer særskilte vilkår på R-247. Bil på løyve skal ha 8 passasjersete og plass til 1 rullestol.

**Fylkesdirektør samferdsel si vurdering**

Hovudregelen er at bil på eit drosjeløyve skal ha inntil 8 sete i tillegg til førarsete, medan løyvestyresmakta i særlege tilfelle kan godkjenna bil for høgst 16 sete i tillegg til førarsete, jf. yrkestransportforskrifta § 1 f). Det er vanleg å klassifisera drosjebilar i to klassar, inntil 9 sete eller storbil 10-17 sete og plass til 1 eller 2 rullestolar. Det vert tidvis gjeve dispensasjon til å nyttast bil med inntil 9 sete og plass til rullestol. Løyvehavar kan då nyttast bil med mindre enn 8 passasjersete.

Etter yrkestransportlova § 11 kan løyvestyresmakta setja særskilte vilkår for det einskilde løyve, jf. yrkestransportforskrifta § 5, første ledd. Særskilte vilkår for eit løyve må ta utgangspunkt i kva funksjon løyve skal ha, dvs. kva transportmessige behov som skal oppfyllast. Nordhordland Taxi har opplyst at bil med mindre enn 8 passasjersete ikkje kan nyttast til skuletransport, og kapasitet til å oppfylla offentlege kontraktoppdrag vert for liten dersom det er høve til å setja bil med «inntil 9 sete» på R-247. Etter løyvestyresmakta sitt syn gjev yrkestransportlova § 11 høve til å stilla vilkår om bil med minimum 8 passasjersete og plass til 1 rullestol.

I dag er det 30 ordinære løyve og 6 reserveløyve knytt til Nordhordland Taxi. Omgjering av R-247 til eit reserveløyve vil ha relativt liten verknad på den totale kapasiteten i sentralen. Tal frå drosjeevalueringa 2015 syner at omlag 55% av alle oppdrag gjeld offentlege transportoppdrag. Ein omgjering av R-247 til reserveløyve er eigna til å møta etterspurnaden frå offentlege transportoppdrag utan at tilbodet i spotmarknaden vert nemneverdig forringa.

Fylkesdirektør samferdsel finn at ein kan gjera om R-247 til reserveløyve. R-247 skal kunngjerast ledig internt i sentralen med særskilde vilkår om 8 sete i tillegg til førarsete og plass til 1 rullestol.